Arkiv:	
JournalpostID:	19/2056
Saksbehandlar:	Tove Mette Fyllingen
Dato:	27.11.2019

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
010/19	Alver formannskap	05.12.2019
	Alver kommunestyre	

Forskrift om vass- og avløpsgebyr i Alver kommune

Vedlegg i saken:

27.11.2019	Forskrift om vass- og avløpsgebyr i Alver kommune	1329148
27.11.2019	Endringar etter første utkast, forskrift om vass- og avløpsgebyr i Alver kommune	1329149
27.11.2019	Saksframlegg fellesnemnda, forskrift om vass- og avløpsgebyr i Alver kommune (L)(762)	1329150

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:
«Alver kommunestyre godkjenner framlegg til lokal forskrift om vass- og avløpsgebyr i Alver revidert 25.11.2019, gjeldande frå 01.01.2020. Vedtaket er gjort med heimel i Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg §§ 3, 4 og 5 og Forskrift om begrensning av forurensning § 16-1, andre ledd.»

Alver formannskap 05.12.2019:

Behandling:
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 010/19 Vedtak:
«Alver kommunestyre godkjenner framlegg til lokal forskrift om vass- og avløpsgebyr i Alver revidert 25.11.2019, gjeldande frå 01.01.2020. Vedtaket er gjort med heimel i Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg §§ 3, 4 og 5 og Forskrift om begrensning av forurensning § 16-1, andre ledd.»

Saksutgreiing:
Bakgrunn

Fellesnemnda Alver gjorde følgjande vedtak i møte 06.05.2019:

«Fellesnemnda slutter seg til at framlegg til lokal forskrift om vass- og avløpsgebyr i Alver kommune blir sendt ut på høyring med 3 mnd høyringsfrist, jf Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg §§ 3 og 5 og forvaltningslova kapittel VII.»

Radøy, Lindås og Meland sine lokale forskrifter om vass- og avløpsgebyr stiller opp, kvar for seg, korleis avgiftene skal reknast ut pr 2019. Forskriftene definerer tilhøvet mellom kommunen og abonnentane og klargjer kva rammer som gjeld for vassforsyninga og avløpshandteringa, med plikter og rettar for begge partar. Saman med det årlege vedtaket om gebyrsatsane i samband med budsjettbehandlinga, regulerer forskrifta dei økonomiske rammene for vassforsyninga og avløpshandteringa. Alver kommune overtar eigarskapet til alle vass- og avløpsanlegg i dei tre kommunane frå 01.01.2020.

Framlegget som fellesnemnda slutta seg til har vore ute på 3 mnd høyring med høyringsfrist 30.08.2019. Det er ikkje kome inn merknader eller uttalar til forskriftsframlegget.

Vurdering

Ei forskrift bør vere så godt gjennomarbeida at ho står seg over tid. Forskrift om vass- og avløpsgebyr i Alver kommune gjeld inntil den blir erstatta av ei ny eller revidert forskrift, medan sjølve gebyrregulativet (årlege avgifter mm) blir vedtatt kvart år. Forskrifta skal klargjere grunnlaget for gebyrregulativet. Arbeidet med å skaffe fram eit rett samansett gebyrregulativ er såleis avhengig av at forskrifta om vass- og avløpsgebyr i Alver er tydeleg og presis.

Etter kvart som arbeidet med nytt gebyrregulativ har gått framover, har ein funne behov for presiseringar og endringar i forskriftsteksten. Tekst som kan mistydast eller som har uønska verknader er teke ut eller endra. Det er også tatt inn fleire definisjonar for å sikre ein presis ordlyd. Endringane går fram av vedlegg; «Forskrift om vass- og avløpsgebyr i Alver kommune - endringar etter første utkast».

Dei uønska verknadene av det første framlegget var formuleringar som skapar ubalanse i gebyrnivået mellom bustad og næring. Dette i høve til dagens situasjon i dei tre kommunane. Derfor er særleg forskriftsteksten om næringseigedomar utdjupa og gjort tydelegare.

For definisjonane sin del, er det vist til regelverket i Norsk Standard for fleire omgrep enn det som opprinneleg var teke med. Formuleringane er elles gått gjennom slik at dei skal vere eintydige; t.d. står det no «kommunalt vass- og /eller avløpsanlegg» konsekvent, i staden for ei blanding av dette og «kommunale vass- og avløpsledningar».

Antal betalingsterminar er flytta til gebyrregulativet, som skal behandlast årleg. Evt endringar i fleire eller færre terminar kan gjerast av kommunestyret kvart år.

Utarbeiding av forskrifta følgjer forvaltningslova sine reglar, jf § 37 (om utgreiingsplikt og høyring mm) og § 38 (om formkrav og kunngjering mm). Sjølv om ei forskrift i utgangspunktet er tenkt å vare over tid, er det naturleg å evaluere den i samband med budsjettarbeidet for 2021 og 2022, på bakgrunn av erfaringane ein då har gjort med overgangen til Alver.

Konklusjon

Programansvarleg rår til at det reviderte framlegget til lokal forskrift om vass- og avløpsgebyr i Alver kommune blir godkjent.